



SKJÅK KOMMUNE

Moavegen 30

2690 SKJÅK

Saksbehandlar, innvalstelefon

Katrine Tømmerdal Nordby, 62 55 11 37

## Svar på søknad om endring av forskrift om typisk turiststad - Dønfoss - Skjåk kommune - delvis innvilga

Statsforvaltaren viser til søknad av 21.08.2023 om at Dønfoss skal få utvida perioden med status som typisk turiststad. Statsforvaltaren beklager lang saksbehandlingstid.

Dønfoss-området er godkjent som typisk turiststad i månadane juni, juli og august. Kommunen søker nå om at Dønfoss også skal reknast som typisk turiststad i perioden frå april til og med oktober.

Eit slikt løyve inneber at butikkar i Dønfoss-området vil kunne halde ope på søndagar i den aktuelle perioden.

### Statsforvaltarens avgjerd:

Statsforvaltaren innvilgar delvis kommunens søknad om endring av forskrift for Dønfoss som typisk turiststad.

Statsforvaltaren godkjenner ei utviding av perioden for Dønfoss som typisk turiststad i påska og frå 1. til 15. september. For påska gjeld perioden frå og med palmesøndag til og med 2. påskedag. Dette kjem i tillegg til perioden juni, juli og august som allereie er godkjent i vedtak datert 10.06.2015.

Statsforvaltarens avgjerd om å fastsetje forskrift er ikkje eit enkeltvedtak, og kan ikkje påklagast vidare av kommunen eller andre involverte.

### Bakgrunn for saka

Skjåk kommune fatta den 31.05.2012 eit samrøystes vedtak om at Dønfoss-området er ein typisk turiststad om sommaren, og søkte dåverande Fylkesmann i Oppland om dette i mars 2015. Fylkesmannen godkjende Dønfoss-området som typisk turiststad i månadane juni, juli og august i si avgjerd av 10.06.2015.

Kommunestyret i Skjåk fatta i møte den 15.06.2023 vedtak om å søkje Statsforvaltaren om at Dønfoss-området skal få status som typisk turiststad i ei utvida periode. Det blei fatta følgjande vedtak:

---

E-postadresse:

[sfinpost@statsforvaltaren.no](mailto:sfinpost@statsforvaltaren.no)

Sikker melding:

[www.statsforvaltaren.no/melding](http://www.statsforvaltaren.no/melding)

Postadresse:

Postboks 987

2604 Lillehammer

Besøksadresse:

Gudbrandsdalsvegen 186,

Lillehammer

Parkgata 36, Hamar

Telefon: 61 26 60 00

[www.statsforvaltaren.no/in](http://www.statsforvaltaren.no/in)

Org.nr. 974 761 645



1. Kommunestyret i Skjåk kommune fattar vedtak om at Dønfoss-området er ein typisk turiststad seinast frå og med april til og med oktober. I år der påska fell i mars, gjelder perioden frå og med fredag før Palmesøndag.
2. Skjåk kommune søkjar på dette grunnlag med saksframlegg Statsforvaltaren om at området Dønfoss i Skjåk kommune utvida periode for status som "typisk turiststad" jf. Lov om Heilagdaggar og heilagdagsfred § 5 sjette ledd, jf. § 5 andre ledd nr. 4. Den utvida perioden skal gjelde frå april til og med oktober, med tillegg etter punkt 1.
3. Om Statsforvaltaren i Innlandet godkjenner søknaden frå Kommunestyret i Skjåk, inneber det at Coop Bruvoll, utanfor ordinær opningstid med bemanna butikk, kan ha døgnopent med automatisert butikksystem på kvardagar, søndagar og heilagdaggar i perioden frå april.

I saksutgreiinga frå kommunen står det at søknaden kjem på bakgrunn av initiativ frå Coop Ottadalen v/ Rune Fossmo. Butikken på Bruvoll er over 100 kvm og kan dermed ikkje halde ope på søndagar. Grunngevinga frå Fossmo var å gje butikken på Bruvoll eit betre kommersielt grunnlag. Vidare vises det til at butikken har på plass eit system med inngangskontroll, automatiske system for betaling og overvaking av butikken via eit tryggleiksselskap, som gjer det mogleg å halde ope utan bemanning. Det å få halde ope på søndagar i større deler av året vil vere vesentleg for at desse grendebutikkane kan bestå i framtida.

Kommunen har i si vurdering av søknaden sett på vekevis salstal for perioden 2019-2021, salstal fordelt pr. månad i 2022, og omsetning fordelt på helg (fredag, laurdag og søndag) i 2022. Tala viser at det er ei klar omsetnadsauke i månadane juni, juli og august. Det vises også til at det er ein skuldersesong frå påske og tida ved haustferien og ein auke i omsetninga rundt jul- og nyttårsfeiringa.

Det vises til at det har vore ei stor utvikling i Dønfoss-området sidan 2015 og at det er ein viktig stoppestad og servicepunkt for turistar og for lokalbefolkning både som handelsstad og til rekreasjon. Heile omsetninga på Dønfoss viser at 49% av årsumsetninga kom for juni-august, mens det tilsvarande talet for 2012 var på om lag 36%. Det vises til at staden er eit knutepunkt der den ligg i dalbotnen mellom nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen. Utvida opningstider vil gi turistane betre service, men det vil også skape positive ringverknadar for fleire aktørar og betre grunnlag for næringsutvikling. På grunn av det automatiserte butikksystemet vil ikkje det innebere arbeidstider og belastning utover det dei har i dag. Det vil heller ikkje medføre vesentlege ulemper for omgjevnaden i form av støy mv.

Kommunen viser til at talgrunnlaget samt den positive utviklinga i Dønfoss-området sidan 2015 gir grunnlag til å utvide perioden som typisk turiststad frå påsken og til og med haustferien. I månadar vil dette seie frå april og ut oktober. I år der påska fell i mars vil perioden starte frå fredag før palmesøndag.

Statsforvaltaren fekk søknaden den 21.08.2023. Den vart sendt på høyring til aktuelle instansar den 28.08.2023. Arbeidstilsynet uttalte seg i brev datert 07.09.2023 og hadde ikkje innvendingar til endring av forskrifta dersom Statsforvaltaren finn at vilkåra er oppfylt. Dei viste likevel til at helligdagsfredlovens hovudregel i § 5 om at faste utsalsstader som sel varer til forbrukarar skal halde stengd på søndagar, er streng og at det bør vere høg terskel for å innvilge stader som typiske turiststader. Videre forutset dei at arbeidsmiljøloven sine reglar om arbeidstid blir følgde, og at dei tilsette ikkje blir påført unødvendig belastning ved ei eventuell utvida opningstid.



Statsforvaltaren sendte 17.10.23 brev til Coop v/Rune Fossmo der det blei bedt om ytterlegare dokumentasjon på omsetningstal for 2022 og så langt dei hadde tal for 2023. Den etterspurde dokumentasjonen vart motteke 27.10.23

### **Statsforvaltarens kompetanse**

Statsforvaltaren har myndigheit til å ved forskrift fastsetja at eit område skal reknast som typisk turiststad, jf. helligdagsfredloven § 5 sjetzte ledd som lyder som følger:

«Statsforvalteren kan etter søknad fra kommunen ved forskrift bestemme at et område skal regnes som typisk turiststed, se annet ledd nr. 4, for hele året eller deler av året. Som typisk turiststed kan bare regnes område der salget i de aktuelle periodene hovedsakelig skjer til turister.»

Ei slik forskrift inneber at utsalsstader som sel varar til forbrukarar i det aktuelle området, kan halde opent på søndagar og heilagdaggar jf. § 5 første ledd og andre ledd nr. 4.

### **Statsforvaltarens vurdering**

Formålet med helligdagsfredloven er «å verne om det gudstjenestelige liv og den alminnelige fred på helligdager», jf. helligdagsfredloven § 1. Lovens hovudregel er at faste utsalsstader som sel varer til forbrukarar skal halde stengt på heilagdaggar, jf. § 5. Omsynet bak lovens reglar om opningstider på heilagdaggar er å tilpasse behovet til brukarane, og samtidig verne om den alminnelege fred på søndagar og andre heilagdaggar.

Etter § 5 andre ledd er det gjort ei rekkje unntak frå lovens hovudregel, og i nr. 4 er det gjort unntak frå reglane om opningstider for «typiske turiststeder». I forarbeida, Ot.prp.nr. 11 (2002-2003) side 8 til pkt. «Nr. 4 Typiske turiststeder» står det at «Det er her tenkt på stader der dei faste innbyggjarane er få i forhold til talet på tilreisande/besøkjande i løpet av året, eksempelvis stader som Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør. Ein typisk turiststad treng ikkje omfatte heile kommunen. Ein typisk turiststad er dessutan kjenneteikna ved at dei næringsdrivande ofte er avhengige av turistsesongane, da kundegrunnlaget er for lite til at dei kan overleve av sal til fastbuande».

Vidare er det eit vilkår at salet i periodar hovudsakleg skjer til turistar, jf § 5 sjetzte ledd. I forarbeida som nemnt over står det at «Kor lang denne perioden må vere, og kor stor del av omsetninga som må skje til turistar i denne perioden, må avgjerast konkret i kvart enkelt tilfelle».

Ved lovendring gjeldande frå 1.4.2003 blei opningstidsloven oppheva og reglane om opningstider delvis vidareført i helligdagsfredloven. Lovendringa i 2003 innebar ein vesentleg liberalisering av føresegnane. Etter lovendringa kan forretningane halde opent heile døgnet heile veka, bortsett frå på søn- og heilagdaggar. Disse endringane inneber eit mindre behov for å tillate opent på søn- og heilagdaggar, og praksis for å fastsette forskrift om at eit område skal kunne reknast som eit «typisk turiststed» er derfor meir restriktiv enn etter tidlegare regelverk.

Definisjonen på ein turist er det ikkje gjort greie for i loven eller lovens forarbeid. I NOU 2017:17 «På Ein Søndag?», som gjelder forslag til endring i helligdagsfredloven § 5, er det i punkt 5.5.15.3 lagt til grunn ein viss definisjon av uttrykket: 1 Ot.prp.nr. 11 (2002-2003):

«Forarbeida skil ikkje uttrykkjeleg mellom turistar og vegfarande, til dømes folk på veg over fjellet til konfirmasjon. Når forarbeida nemner Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør, bør det likevel vere rimeleg klart at det er tale om plassar som turistar har som reisemål, ein



destinasjon, ikkje ein plass der folk tek ein triveleg, fin, lønnsam eller innhaldsrik pause på vegen».

Salet må som nemnt skje i hovudsak til turistar. Ein naturleg språkleg forståing av hovudsakleg tilseier at salet skjer i større grad til turistar enn til fastbuande. Det er vanskeleg i desse sakene å synleggjere at det er turistar som hovudsakleg står for omsetninga i den aktuelle perioden. Omsetningstal aleine vil derfor ikkje kunne vere tilstrekkeleg til å vurdere om vilkåret er oppfylt. Stadens omsetningstal heldt saman med andre moment i søknaden kan vere med å sannsynleggjere at vilkåret er oppfylt. Det er likevel vår vurdering at det må krevjast dokumentasjon på at salet i den aktuelle perioden har ei tydeleg auke, og at innkjøp frå turistar bør utgjere ein vesentleg del av omsetninga.

Fylkesmannen i Oppland vurderte at vilkåra for at Dønfoss kan reknast som typisk turiststad i månadane juni, juli og august var oppfylt i si avgjerd av 10.06.2015. Det som Statsforvaltaren no skal vurdere er om vilkåra er oppfylt for at Dønfoss også skal kunne reknast som typisk turiststad i månadene april, mai, september og oktober.

Statsforvaltaren har gått gjennom dokumenta i saka og sett på om sal i den aktuelle perioden hovudsakleg skjer til turistar. Det leggjast til grunn at det har skjedd ei utvikling av staden sidan 2015 noko omsetningstala som vi har fått tilsend tilbake frå 2019, viser. Det er ei markant auke i omsetningstal for Coop Bruvoll i månadane juni, juli august, perioden der Dønfoss allereie er godkjent som typisk turiststad, samanlikna med resten av året. Tala i denne perioden tilseier at sal hovudsakleg skjer til turistar.

Når det gjeld månadane april, mai, september og oktober tilseier ikkje tala at vilkåra i helligdagsfredloven om typisk turiststad er oppfylt for heile denne perioden. Vi har da samanlikna tal i periodar det ikkje er søkt for, med tal for perioden det er søkt for. Statsforvaltaren finn ut i frå ei konkret vurdering at vilkåra er oppfylt for sjølve påska og at turistsesongen strekk seg til midten av september. Det vises til at omsetningstalet i denne perioden aukar tydeleg, og at det kan leggjast til grunn at det er på grunn av tilreisande turistar. Vi har i vår vurdering også sett hen til at Dønfoss er ein liten stad og at tilreisande i periodar av året er av stor betydning for at Coop Bruvoll kan drive lønnsamt. Plasseringa i dalbotnen mellom nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen gjer staden til ein attraktiv destinasjon for aktivitetar som blant annet ski, fotturar, elvesport, jakt og fiske. 724 hytter og Dønfoss camping, generer også besøkjande til staden. Vi har i vår vurdering også sett hen til opplysningar om at Coop-butikken vil vere sjølvbetjent og at det dermed ikkje vil innebere ei meirbelastning for dei tilsette.

I periodane utover dette som søknaden gjeld kan vi ikkje sjå at vilkåra i helligdagsfredloven § 5 om typisk turiststad er oppfylt. Dei vekesvise omsetningstala vi har fått tilsend viser ikkje ei så tydeleg auke i desse periodane at vi kan leggje til grunn at salet hovudsakleg skjer til turistar. At det vil vere viktig å halde søndagsope for å kunne oppretthalde grendebutikkar er ikkje åleine tilstrekkeleg til at vilkåra i loven er oppfylt. Det vises til det departementet har uttalt om at typiske turiststader kjenneteiknast ved at dei næringsdrivande ofte er avhengige av turistsesongane, da kundegrnlaget er for lite til at de næringsdrivande kan overleve på salet til de fastbuande. Det er etter vår vurdering ikkje grunnlag for å seie at det er turistsesong i heile perioden frå april og til og med oktober.

Statsforvaltaren godkjenner på denne bakgrunn ei endring av forskrifta slik at perioden som typisk turiststad i helligdagsfredloven § 5 andre ledd nr. 4 jf. sjetle ledd også gjeld for påska og til 15. september. For påska gjeld perioden frå og med palmesøndag til og med 1. påskedag.



**Konklusjon:**

Statsforvaltaren innvilgar delvis kommunens søknad om endring av forskrift om Dønfoss som typisk turiststad.

Statsforvaltaren godkjenner ei utviding av perioden for Dønfoss som typisk turiststad i påska og frå 1. til 15. september. For påska gjeld perioden frå og med palmesøndag til og med 2. påskedag. Dette kjem i tillegg til perioden juni, juli og august som allereie er godkjent i vedtak datert 10.06.2015.

Statsforvaltaren avgjerd om å fastsetje forskrift er ikkje eit enkeltvedtak, og kan ikkje pålagast vidare av kommunen eller andre involverte.

Med helsing

Jo-Bjørner Haugen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Katrine Tømmerdal Nordby  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Forskrift om Dønfoss som typisk turiststad, Skjåk kommune, Innlandet